

Smitteverninstruks når sjukdom oppstår på skulen

Elevar som får symptom på luftvegsinfeksjon:

- Elev som føler seg sjuk melder frå til undervisande lærar, eventuelt kontaktlærar.
- Undervisande lærar/kontaktlærar ser til at føresette til eleven vert varsla dersom eleven ikkje er myndig.
- Eleven skal snarast sendast heim frå skulen.
- Den sjuke eleven bør ta på ikkje-medisinsk munnbind dersom det ikkje er mogleg å halde to meters avstand til andre og dersom munnbind er tilgjengeleg. Undervisande lærar ser til at dette, om naudsynt, vert henta i resepsjonen på skulen.
- Sjuke elevar bør ikkje nytte kollektiv transport.
- Om eleven må hentast skal eleven vente ute, eller på eit av kvileromma på skulen – i 3. etasje ved elevtenestene eller ved administrasjon for studiespesialiserande.
- Ved behov for toalett, skal dette ikkje nyttast av andre før det er reingjort.
- Dei som har vore i kontakt med eleven må vaske hender.
- I etterkant skal rom, toalett og andre område der eleven har opphaldt seg reingjerast med vanlege reingjeringsmidlar.

Tilsette som vert sjuke mens dei er på skulen må gå heim så snart det er mogleg.

- Sjuke tilsette bør ikkje nytte offentlig transport.
- Sjuke tilsette bør ta på ikkje-medisinsk munnbind dersom det ikkje er mogleg å halde to meters avstand til andre og dersom munnbind er tilgjengeleg.

Bruk av støvmaske – munnbind	Skal berre nyttast på elev eller lærar som får symptom på sjukdom i løpet av skuledagen, og der ein ikkje kan overhalde 2 meters avstand. <ul style="list-style-type: none">- Støvmaske/munnbind kan hentast i resepsjonen av undervisande lærar.
Berre ved mistanke om sjukdom!	Bruk av støvmaske FFP2 eller munnbind IIR: <ul style="list-style-type: none">- Vask/desinfiser hendene før du setter på støvmaske/munnbind.- Sørg for at munnbindet sitter godt ved nase og munn.- Etter bruk skal du ta av og kassere munnbindet før du vaskar eller desinfiserer hendene. Munnbind kan vere ubehageleg å ha på. Unngå likevel å ta på munnbindet etter at dette er satt på plass, om ikkje hendene er vaska eller desinfisert.

Elevar og tilsette som får påvist covid-19-sykdom skal følgjast opp av helsetenesta for å få forsvarleg helsehjelp. Eventuell testing vert avklara med lege etter gjeldande retningslinjer.

Kommunehelsetenesta vil kartlegge og følge opp nærkontaktar til covid-19-positive personar i samsvar med gjeldande anbefalingar. Kommunehelsetenesta skal varsle skulen om elevar eller tilsette får stadfesta covid-19, og avgjere naudsynte tiltak.